

Vekeplan, veke 6

4. klasse



Namn:

Info:

- 1. og 4. kl hadde ein kjekk **skøytetur** forrige veke, og ingen klaga på at dei var kalde, berre trøytte på heimvegen. Under føresetnad av det kalde veret held seg, tek heile småskulen ein tur til Tjensvollpoddlen på onsdag. Så: Hjelm til dei som skal på isen, ta med skøyter viss du vil, varme klede, niste/pølse på termos og varm/kald drikke.
- **Fellessamling** tysdag i 2.økt for småskulen i samband med samane sin nasjonaldag.
- Erik er i **praksis** nokre veker framover, så klassen har vikarar i engelsk.
- Siv-Merethe begynte seinhaustes å teste elevane i 4.kl med **Dysmate**. Det vil ho halde fram med denne veka. Alle elevar på 4. trinn i Time kommune skal testast. Det er ein screeningtest som går på lesing og skrivning.
- Det blei ei kjekk **feiring** av 60 kryss på fredag: Klassen koste seg med popkorn, mange hadde pyjamas og bamse med seg og vi så på Olsenbanden jr.

Mål:

Lesing/skriving:	- Eg veit kva eit adjektiv er og kan samsvarsbøye og gradbøye - Eg forstår kva eg les og kan lese med flyt - Eg kan skrive faktatekst. - Eg kan skrive øveord (og veit at på norsk har vi ikkje tre like konsonantar etter kvarandre)
Rekning:	- -
Engelsk:	- I can explain what a comic strip is - I know who Calvin and Hobbs is.
Sosialt:	- Eg jobbar roleg i timane. - Eg tør å seie meininga mi sjølv om det nokre gonger kan vere vanskeleg

Øveord: (Desse skal du kunne skrive på målprøven på fredag)

vassfontene – rettfærdig – bussjåfør – fengsel – inspirert

Gloser

Comic strip – tegneseriestripe, panel – tegneserierute, supertoad – superpadda, pounced on – kasta seg over, hunter – jeger, gun - våpen, endings – endingar, created – laga, published – gitt ut, newspapers - avisar

Vekelekse:

Dei som har replikkar, MÅ øve på desse og lære utenat innan 13. februar.

Alle andre øver godt på dei songane/versa dei føler dei ikkje kan skikkeleg.

Lekser til

Tysdag:	Norsk: Les s. 168-169 i Salto to ggr høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Etterpå fortel du (munnleg) til ein vaksen kva du har lese. Matte: Gjer s. 76 i multi 4 oppgåvebok. Ta med underskrift på målprøven.
Onsdag:	Norsk: Skriv ei setning med kvart av øveorda i den store raude boka. Overskrift: <i>Øveord, veke 6</i>. Begynn på ny linje for kvar ny setning. Set strek med linjal under øveorda, og kontroller at du har skrive det rett. Skriv fint og hugs punktum og stor forbokstav. (Legg inn ein gul lapp viss du skriv på ledig side midt inni boka.) Engelsk: Les s 62 og 63 i Quest Textbook høgt for ein vaksen 2 gonger, den første gongen på engelsk, den andre gongen på norsk og les 1 gong for deg sjølv på engelsk. Skriv glosene i den raude <u>gloseboka</u> di. Hugs at det blir tur til Tjensvollpoddlen, så du tek berre med tusekk på skulen.
Torsdag:	Norsk: Les s. 181-183 i Salto to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Siden 181 les du inn på Showbie under leselekse, veke 6. Gjer nr. 2, 3 og 4 s. 175 i Salto. Skriv i den store raude boka. Overskrift: <i>Adjektiv</i> Hugs oppgåvenummer, skriv fint, bruk linjal på tabellen og legg vekt på god orden. Lever boka. (Legg inn ein gul lapp viss du skriv på ei ledig side midt inni boka.)
Fredag:	Norsk: Jobb i 10 minutt på Aski Raski (Gå inn på vegen/stien). Har du hugsa å øve på replikkar/songtekstar til Songskattane? Viss ikkje, må du gjere det no J Matte: Gjer s. 77 i multi 4 oppgåvebok. Øv 10 min på 6-10 gongen. Bruk gjerne salaby.no når du øver. Målprøve

Forventa timeplan denne veka.

	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15-9.45	Engelsk vikar	Matte Musikk EH	Naturfag / TUR Boklån LT	Norsk GS	Matte EH & MH
9.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
10.00-11.00	Matte EH	Samfunn/ Felles-samling om samane MH	Engelsk / TUR vikar	Norsk GS	K&H GS
11.00-11.40	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Friminutt	Mat og friminutt
11.40-13.10	Norsk Olweus GS	Norsk GS	Gym 3+4 /TUR GS	Krle 3+4 MH	Norsk GS
Skulen sluttar 12.40					

GS= Grete Stokke MH= Margaret Harestad EH = Elisabeth Haagensen LT= Lars Tjelle